



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Stranda kommune

Dato: 28. jan. 2022

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Offentleg ettersyn Fausadalen hyttefelt

Vi viser til høyring av detaljreguleringsplan for Fausadalen hyttefelt i Stranda kommune med høyringsfrist 3 feb. 2022.

FNF Møre og Romsdal bryr seg om natur og friluftsliv. Arealendringar utgjør den største trusselen mot norsk natur, planter og dyr. Endringane vil svekke styringen av arealbruk og moglegheita til å se sumeffekten, og dermed forverre situasjonen for naturen i Norge. Nedbygging av natur er eit tema som no fort treff denne plana om hyttefelt i Fausadalen der intensjonen er å auke tal hyttetomter med 88 til totalt 295 tomter.

Vi les at hensikta med plana er å revidere eksisterande plan frå 2006 då vegføringer og hytteplasseringer ikkje lar seg gjennomføre slik som tenkt i gjeldande plan samt at kommunens byggesaksavdeling opplever mange søknader om dispensasjon fra reguleringsbestemmelsene. Her må vi seie at det hjelp jo så lite at utbygginga blir fremja gjennom ei nyare reguleringsplan for realpolitikken ser for oss ut til å vere den same. For å seie det på den måten er det uvesentleg på kva måte (og lovheimel) ein byggjer ned og øydelegg natur på for den det treff; naturen og turfolket (ålmenta).

Vidare blir det uttalt at hensikta med plana til høyring er «å få ”ryddet opp i” i gjeldende plan slik at denne blir riktig i samsvar med eksisterende forhold». Vi har leita i dokumenta lagt ved om det fins noko meir om dette med avvika frå gjeldande plan utan å finne noko. Dette tolkar vi dit hen at det er utført mange ulovlegheiter knytt til bygg, tilkomstveggar, byggeavstand til vassdrag etc. På dette grunnlag ber vi kommunen om ein dokumentasjon på kor stoda er no innanfor grensa for reguleringsplana frå 2006 i høve med avvik til godkjente byggesaker etter plan- og bygningsslova.

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Idrettsvegen 2, 6413 MOLDE

Telefon: 46431427 E-post: moreogromsdal@fnf-nett.no

www.fnf-nett.no



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vi har sett spesielt på rapporten «*Konsekvensutredning tema naturmangfald ved etablering av hyttefelt i Fausadalen Juni 2020*». Det står mellom anna i rapporten om konsekvensar for naturmangfald; «*Vi meiner kunnskapsgrunnlaget for naturtypar og karplanter er godt. Fugl er ikkje undersøkt i rett årstid av oss, men vi har fått innspel om sensitive artar frå Fylkesmannen, samt at det er kome inn artslistar over registrerte artar frå personar som har kommentert planane gjennom den offentlege høyringa av planane.*» Vi veit at mykje av grunnlaget for konklusjonen i rapporten var observasjonar ein haustdag etter første frostdagen (8 okt) i 2019. I rapporten står det mellom anna om manglande moglegheit til å registrere fugl og planter (orkidear) då dette skjedde på hausten. Vidare blir det referert til andre kjelder som til dømes Fylkesmannen knytt til sensitive fugleartar - noko som ikkje blir dokumentert i rapporten eller blir gitt i kjeldene. Summen av dette blir fort at konklusjonane i rapporten blir feil då vi må forvente at hadde ein gjort registreringane i vekstsesongen, kunne ein fått fram eit heilt anna resultat.

Det at det ikke er registrert rødlistearter før i området har jo først og fremst med kartlegginga å gjere, ikkje hva som tilfeldigvis er registrert av ein eller annen og som er lagt inn i artsdatabanken. Når det gjeld artsdiversitet er vi opplyst om at det i utbyggingsområdet er observert blant anna kongeørn, hvittryggspett, tiur, rype, hare, hjort mm. og at det antakeleg er gråspett og tiurleik i området. Elles er området preget av vatn, bekkar og myr. Korleis er det med insekta her – til dømes augestikkarane i vatna ?

I 50/100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser jfr Pbl. § 1-8 første ledd. Vi les at det er eit nasjonalt mål (satt av regjeringa) at strand- og vassdragssona skal bevarast som natur- og friluftsområde tilgjengeleg for alle. Det er difor med bekymring at vi ser dette forslaget til detaljreguleringsplan at det er tenkt lagt hyttetomter ned til Nysætervatnet. Dette tener ikkje fellesskapet og er ikkje i tråd med gjeldane nasjonale mål og lovar slik vi ser det. Dette må endrast i plana skal den vere realistisk. Når det gjeld avstanden mellom tiltaka planlagt til Stigelivatnet verkar også denne til å vere alt for knapp.

Natur og friluftsliv står sterkt i Stranda kommune der det vakre og dramatiske landskapet trekk friluftsentusiastar frå heile landet og verda og har gjort Stranda kommune kjend i internasjonal samanheng med Geirangerfjorden som ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjorden og Nærøyfjorden (UNESCO i 2005). Verdsarvstatusen set Stranda kommune i ei særstilling samanlikna med andre kommunar i fylket. Dette byr på både moglegheiter og utfordringar. Vi les i samfunnsplana til Stranda kommune blant anna at; «*Samtidig som turisme er ei viktig kjelde til både inntekter, arbeidsplassar og aktivitet i kommunen, ser ein også at reiselivet fører til forureining av luft og fjord, slitasje på infrastruktur og trong for ny infrastruktur som kan komme i konflikt med ideen om urørt natur. Faren er at det som er tiltrekkande ved Stranda kommune for turistar og tilflyttarar vert øydelagt eller forringa ved trengsel og for mykje tilrettelagt infrastruktur.*»



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Vi vonar at Stranda kommune tek innover seg dette ansvaret og tenkjer at dei må vere ekstra varsam med sine utbyggingsplanar som ikkje berre går ut over naturen, men også får konsekvensar for den viktige turistnæringa.

Det er i plana lagt opp til turveggar og tråkka skiløype vinterstid. Det er fint at det leggst til rette for folkehelsa. Men det verkar for oss som om dette tek for seg for mykje av naturen på staden. For i dag er jo fort turvegane som ein vanleg veg å rekne og gir store inngrep med drenering av myrene etc då det må vere stor bærevne for maskinparken. Enkle turstiar er ofte nok til å gi folkehelse samstundes som ein tek omsyn til natur.

Vi meiner å sjå at dette naturområdet som består av mykje myr, bekkar, våtmark og vatn har nok samla belastning allereie med den hyttebygginga som har skjedd til no. Vi fryktar at fragmenteringa diverre aukar med denne plana og dette ikkje er tålbart for naturen.

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal meiner at før ein går vidare med dette forslaget til ny reguleringsplan og utvidig av eksterande hyttefelt, må ein først evaluere kor status er på kva som er bygd i reguleringsplanområdet. Subsidiært meiner vi at utbyggingsplana må ta omsyn til natur, vatn, vassdrag og myr på ein heilt annan måte enn det som er gjort med dette forslaget slik at natur og ålmenta får tilstrekkeleg albogerom.

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal